

## SAKSPROTOKOLL

### HANDSAMING I FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Det vart i møte sett fram følgjande til presisering av innstillinga:

- « 1. Det skal leggjast til rette for eigen inngang for mindreårige saman med vaksne til og frå familieområde.
2. Den som tek på seg ansvar for mindreårige skal ha markering med eige band og førast i liste ved inngang.
3. Det skal gjerast ei årleg evaluering med barneverntenesta, politi og kommuneoverlege kring erfaringar med handtering av sjenkeløyvet.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Stiftelsen «Tysnesfest» med Sigvard Madsen som skjenkestyrar og Øystein Vaage som reservestyrar, får i samband med det årlege arrangementet "Tysnesfest", følgjande skjenkeløyve, gjeldande fram til og med 30. september 2020:

#### Arr.stader m/ skjenkeløyve øl og vin er som fylgjer:

- **Onsdag**  
Kl. 14:00-00:00 Show i Bermudatelet v/SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Torsdag**  
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*  
Kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Fredag**  
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*  
kl. 17:00-02 :00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Laurdag**  
Kl. 12:00 – 20.00 Show i bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*  
Kl. 17:00 - 02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

#### Arr.stader m/ skjenkeløyve øl, vin og brennevin er som fylgjer:

- **Torsdag, Fredag og Laurdag**  
Kl. 17:00-22.00 Artistrestaurant i Vonheim. Ope berre for artistar som står på liste.

Me minner om at dei som får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk også plikter å ha eit visst utval av alkoholfrie drikkevarer.

Då det ikkje vert stilt krav til aldersgrense ved arrangementa, føreset me at det vert lagt til rette med tilstrekkeleg vakthald m.m. slik at ein kan hindra at personar under 18 år nyt alkohol. Dersom omsyn til mindreårige krev det tek kommunen atterhald om moglegheit til å påleggja aldersgrense på arrangementet.

Søklar må gje tilbakemelding etter arrangementet om omsetnad slik at kommunen kan fastsetja skjenkegebyr.

1. Det skal leggjast til rette for eigen inngang for mindreårige saman med vaksne til og frå familieområde.
2. Den som tek på seg ansvar for mindreårige skal ha markering med eige band og førast i liste ved inngang.
3. Det skal gjerast ei årleg evaluering med barneverntenesta, politi og kommuneoverlege kring erfaringar med handtering av sjenkeløyvet.